

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg: \*  
Tal uprenta vedlegg: \*

## **Omorganisering av ABM-feltet. Nye oppgåver fpr fylkeskommunane?**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet oppmodar Kulturdepartementet til at omlegginga av ABM-feltet ikkje må føra til ytterlegare sentralisering og byråkratisering av eit viktig regionalt politikkområde. Vestlandsrådet oppmodar til overføring av statlege oppgåver til fylkeskommunen.
2. Vestlandsrådet oppmodar Kulturdepartementet til å ha merksemd på korleis ABMfeltet grip inn i utforminga av regional politikk. Dei tre sektorane må knytast nærare til regionale folkevalde organ og fylkeskommunane si rolle som regionale utviklarar. Det må utviklast modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.
3. Vestlandsrådet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunane. Fylkeskommunane må få eit større politisk og fagleg handlingsrom til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling og igjen få eit samlande grep om museumspolitikken.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Samandrag**

Innanfor viktige delar av kulturpolitikken er det dei seinare åra skjedd ei aukande sentralisering. Arkiv, bibliotek og museum er politikkområde som har vore særleg prega av omfattande statlege reformer som har medført auka sentralisering og byråkratisering. Dei folkevalde, demokratiske organa har fått mindre innverknad på utviklinga på tidlegare viktige område for politisk styring.

I løpet av desse prosessane har ein i liten grad sett på konsekvensane som overføringa av makt og mynde frå regionalt til statleg nivå har fått. Oppretting av ABM-utvikling har ført med seg ei sterk innskrenking av fylkeskommunane sitt ansvar og høve til å forme regional politikk på viktige politikkområde. Reformene har avdekket at statleg styring på feltet har vore utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale tilhøve. Handlingsrommet for folkevalde politikarar i fylkeskommunane har vorte mindre. Samstundes nyttar fylkeskommunane monalege summar og har høg fagleg kompetanse på ABM-feltet.

Ved omlegginga som no skal gjennomførast på ABM-feltet, er det viktig å leggje til rette for ei deling av oppgåver mellom statleg og regionalt nivå som kan gje gode løysingar for framtida. Regionale folkevalde organ bør få attende eit større handlingsrom til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling. For at ikkje dei tre felte skal falle ut av det regional- og lokalpolitiske fokus og den sterke regionalpolitiske eigarskapen forvitte, må planlegging, regionale styringsinstrument og økonomiske verkemiddel på feltet knytast saman. Regionen bør ha frie midlar og ressursar til gjennomføring av regional politikk og forvaltning. Det må vera samsvar mellom avgjerdsmynde og ansvar, oppgåver og økonomiske verkemiddel. Overføring av oppgåver og mynde til det folkevalde regionale nivået kan vere eit viktig verkemiddel for å styrke heilskapen i ABM-feltet.

### **Bakgrunn og vurdering**

Innanfor viktige delar av kulturpolitikken er det dei seinare åra skjedd ei aukande sentralisering. Arkiv, bibliotek og museum er politikkområde som har vore særleg prega av omfattande statlege reformer, med sentralisering og byråkratisering som resultat. Fylkeskommunane yter samstundes store midlar til dette feltet.

I løpet av desse prosessane har ein i liten grad sett på konsekvensane som overføringa av makt og mynde frå regionalt til statleg nivå har fått. Oppretting av ABM-utvikling har mellom anna ført med seg ei sterk innskrenking av fylkeskommunane sitt ansvar og høve til å forme regional politikk. Reformene har avdekket at statleg styring på feltet har vore utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale tilhøve og gjort handlingsrommet for folkevalde politikarar i fylkeskommunane mindre. Samstundes nyttar fylkeskommunane monalege summar og har høg fagleg kompetanse på ABM-feltet.

I pressemelding dagsett 21.05.2010 varslar Kulturdepartementet omfattande endringar. Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om overføring av ABM-utvikling sine oppgåver og årsverk til Nasjonalbiblioteket, Norsk vitenskapsindeks og Norsk kulturråd og sette endringa i verk frå 01.01.2011. Siktemålet med omstillinga er etter det ein kan sjå å etablere sterkare fagmiljø og styrke forvaltning og rådgiving på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. ABM-utvikling i si noverande form vert dermed lagt ned.

Fylkesrådmannen registrerer at departementet ser trongen for styrking av ABM-sektoren, men oppmodar Kulturdepartementet til å ha merksemd på korleis desse felte grip inn i utforminga av

regional politikk og å sjå vinst i å knyte dei tre sektorane nærare til regionale folkevalde organ og fylkeskommunane si rolle som regionale utviklarar. Det kan vere grunn til å minne om fleire av dei utgreiingane som har blitt gjort i samband med reformer innan regional forvaltning dei siste 10 åra, t.d. oppgåvefordeling mellom stat, region og kommune (NOU 2000:22), har argumentert med at nettopp kultursektoren har vore særleg godt eigna for auke opp det regionale ansvaret. I røynda har altså det motsette skjedd.

Fylkesrådmannen ser trongen for betre balanse mellom sentrale statlege aktørar som tek tak i dei store felles oppgåvene med utgangspunkt i ein statleg politikk, og utvikling av ABM-funksjonar på regionalt og lokalt nivå i tråd med politiske føringar på desse nivåa. Fylkeskommunane har høg kompetanse på ABM-arbeid i nært samarbeid med lokale, regionale og statlege aktørar. Slik sett realiserer fylkeskommunane, på lik line med statleg forvaltning, viktige målsettingar i den samla nasjonale kulturpolitikken.

Ein ny organisatorisk struktur på ABM feltet må ta inn over seg at kunnskap og kompetanse er spreidd over heile landet t.d. ved vidare oppbygging av kompetanse i regionane.

Fylkeskommunane står her godt rusta til å ivareta sentrale forvaltingsoppgåver.

Fylkeskommunane sin styrke har tradisjonelt vore å kunne sjå ulike sektorar i samanheng og ta heilskapelege omsyn i politikktutforming og saksbehandling. Nedlegginga av ABM-utvikling rører ved eit aktuelt politisk tema: det regionale nivået si stilling og status. Skal folkevalde politiske organ ha sjølvstendig ansvar for utforming av regional politikk, eller skal oppgåvene som vert utført regionalt vere reine sekretariatoppgåver styrte av sentrale styresmaktar, ofte med liten eller ingen folkevald påverknad? Resultatet kan verta at ABM-feltet forvitrar som regionalpolitisk utviklingsområde med fare for omfattande budsjettkutt frå regionale mynde.

For fylkeskommunen har arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet vore viktige politikkområde, ikkje minst ved å sjå dei tre felta i samanheng. Slik er det skapt synergjar som aukar folk sitt medvit og styrkjer den kulturelle identiteten rundt om i landet. Det har skapt sterkare interesse for vår felles kulturarv, og har ført til sterkare engasjement også hjå friviljuge organisasjonar. Ei slik utvikling meiner vi det er viktig å støtte opp om.

Dei seinare åra er det regionale nivået fråteke oppgåver og posisjonar frå staten på felt nivået er i stand til å meistra sjølv innanfor statlege rammer og med grunnlag i regionale behov og føresetnader. Det er klart at dette har alvorlege kulturpolitiske konsekvensar. Dersom ein skal leggje til rette for ei deling av oppgåver som kan gje gode løysingar for framtida, må regionale folkevalde organ få attende eit større handlingsrom til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling. For at ikkje dei tre felta skal falle ut av det regional- og lokalpolitiske fokus og den sterke regionalpolitiske eigarskapen forvitre, må planlegging, regionale styringsinstrument og økonomiske verkemiddel på feltet knytast saman slik at regionen har frie midlar og ressursar til gjennomføring av regional politikk og forvaltning. Det må vera samsvar mellom avgjerdsmynde og ansvar, oppgåver og økonomiske verkemiddel. Arbeidet med å føre over oppgåver og mynde til det folkevalde regionale nivået kan vere eit viktig verkemiddel for å styrke heilskapen i ABM-feltet.